



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	06.11.2025
Møtetid:	10:00 -14:30
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Kariann Ekren	medlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann
Svein Viktor Ellingbø	økonomileiar
Wenche Daae	oppvekstleiar

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 102/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 103/2025	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 104/2025	Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029	
PS 105/2025	Referat- og orienteringssaker	

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 06.11.2025 av sak 102/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Formannskapet - 06.11.2025 av sak 102/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 06.11.2025 av sak 103/2025 Godkjenning av møteprotokoll

Vedtak frå Formannskapet - 06.11.2025 av sak 103/2025 Godkjenning av møteprotokoll:

Møteprotokoll frå formannskapet 21.10.25 vert godkjent

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 06.11.2025 av sak 104/2025 Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til tillegg til vedtak i møtet:

- Formannskapet legg forslag til Årsbudsjettet 2026 og økonomiplan m/handlingsplan 2026-29 ut på offentleg ettersyn jf. kommunelova sine krav. Innspel og uttalar vert innarbeidd i budsjettsaka, som vert lagt fram til formannskapet sitt møte 3.desember, kor formannskapet innstiller overfor kommunestyret.

Framlegg til vedtak med tilleggspunkt sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet - 06.11.2025 av sak 104/2025 Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029:

Vedtak frå formannskapet:

Formannskapet legg forslag til Årsbudsjettet 2026 og økonomiplan m/handlingsplan 2026-29 ut på offentleg ettersyn jf. kommunelova sine krav. Innspel og uttalar vert innarbeidd i budsjettsaka, som vert lagt fram til formannskapet sitt møte 3.desember, kor formannskapet innstiller overfor kommunestyret.

Driftsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 8.2.

Investeringsbudsjett 2026 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 8.3.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i Gebyrhefta gjeldande frå 1.1.2026.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 17.106.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2026. Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 3.000.000 i lån frå Husbanken i 2026 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 06.11.2025 av sak 105/2025 Referat- og orienteringssaker

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte om planlagt prosjekteringsarbeid på vegstrekning Rekneset - Mollandseid og spørsmål om å prosjektere inn ny vassleidning i området samstundes med prosjekteringa av veg pågåar
 - formannskapet slutta seg samla til å gå vidare med arbeidet om å prosjektere inn ny vassleidning i Reknesområdet. Rådmannen frå fullmakt til å forhandle fram kostnader for kommunen for dette arbeidet innafor ei ramme på kr 300 000,-
- ordførar orienterte kort om dialogen med Skyss om utvida rutetilbod for ferjestrekninga Duesund - Masfjordnes og innspel til moment til komande anbudsprosess for dette rutesambandet

Vedtak frå Formannskapet - 06.11.2025 av sak 105/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring